

Årsbudsjett 2022- Økonomiplan 2023-2025.

1. Kommunestyret vedtek årsbudsjett 2022 og økonomiplan for åra 2022 – 2024 slik det ligg føre/med desse endringane:

DRIFTSBUDSJETT.

- Inntekt og formueskatt vert auka med 3,2 mill.
- Frie inntekter vert som følge av revidert budsjettforslag auka med 6,032 mill.
- Eigedomskatten vert redusert med 0,3 ‰ for alle eigedommar, jamfør pkt. 4.c.
- Auka driftstilskot til Moster Amfi på 500 tusen vert vidareført i 2022.
- Posten til kurs/ opplæring av folkevalde vert auka med 200 tusen.
- Fritidskort vert vidareført i kommunal regi for barn og unge mellom 12 og 16 år med ein årleg sum på kr. 1000,- . Stipulert kostnad på 750 tusen.
- Posten for tilskot til lag og organisasjonar vert auka med 200 tusen.
- Avsetnad til landskapsrydding vert auka med 100 tusen.
- Kommunestyret ynskjer at ei styrking av arbeidet innan klima og miljø og framskundar derfor tilsetning av ein klima/ miljø rådgivar til 1.sept.22. Det vert sett av 350 tusen til dette og ber samtidig om at kommunaldirektøren vurderer om ei slik stilling kan kombinerast med andre stillingar i administrasjonen eksempel vis landbruk.

	Kommunedir ektøren sitt forslag	Forlag H,Frp,Sp,V og PDK	Reduserte inntekter/ auka utgifter	Auka inntekter/ reduerte utgifter
Skatteanslag	395 577	399 077		3 500
Rammer/frie inntekter	376 665	382 697		6 032
Eigedomskatt	35 661	32 161	3 500	
Moster Amfi			500	
Opplæring/ kurs for folkevalde			200	
Fritidskort i kommunal regi			750	
Tilskot til lag og organisasjonar			300	
Landskapsrydding			200	
Klima/ miljørådgivar			350	
Sum endringer			5 800	9 532
Netto driftsresultat	5 806	9 538		

Sum endringar fører til ei styrking av netto driftsresultat frå 5,8 mill. til 9,5 mill. eller frå 0,58% til 0,94%.

INVESTERINGAR

- Det vert sett av 1 mill. fordelt på åra 22 og 23 som kommunalt bidrag til etablering av ein skatepark i kommunen.
- Avsetnad til turløyper/ turstiar vert årleg auka med 200 tusen.
- Det vert sett av 600 tusen i 22 til delfinansiering av siste etappe av sherpa trappene til Siggjo.

- Det vert sett av 700 tusen i åra 22 og 23 til planlegging og eventuelt grunnerv for utviding av parkeringsareal i Eidesvik.
- Posten til arbeid med reguleringsplanen vert styrka med 2,5 mill. fordelt over åra 22-25 der arbeidet med kommuneplan og funksjonell strandsone vert spesielt prioritert i 22.
- Posten til trafikkisikringstiltak vert styrka med 2 mill. fordelt over planperioden.
- Posten generell rehabilitering kommunale bygg vert redusert med 7,6 mill. fordelt over planperioden og der ein ber kommunedirektøren presentera opprusting av kommunale bygg som egne prosjekt for utval og kommunestyret.

	2022	2023	2024	2025
Avsetnad til skatepark	300	700	0	0
Avsetnad til turløyper/turstiar	200	200	200	200
Vidareføring av tursti til Siggjo	600	0	0	
Parkering Eidesvik	200	500		
Reguleringsplan arbeid/ funksjonell strandsone	700	600	600	600
Trafikkisikringstiltak	500	500	500	500
Generell rehab. kommunale bygg	-2500	-2500	-1300	-1300
Sum samla endringar	0	0	0	0

2. Som kommunedirektøren sitt forslag.

3. Som kommunedirektøren sitt forslag.

4. Kommunestyret vedtek følgjande eigedomsskattevedtak:

a. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2022: Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.

b. Kommunar som til og med år 2018 skreiv ut skatt på kategorien verk og bruk, kan frå 2019 til og med 2024 vedta å skriva ut skatt på eit særskild fastsett grunnlag Grunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018:

Det vert skrive ut skatt på det særskilde skattegrunnlaget redusert med fire sjuandedel i 2021 (overgangsregel til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd første pkt.).

c. Skattesatsen vert sett til 2,9 ‰ av takstverdet for bustader og fritidseigedomar.

Skattesatsen vert sett til 3,1 ‰ av takstverdet for næringseigedom og ubygd grunneigedom.

Skattesatsen på det særskilde grunnlaget vert sett til 3,4‰

d. I medhald av eigedomsskattelova § 7a og b gir kommunestyret fritak for eigedomsskatt for 2022 til eigedomar tilhøyrande stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller Staten og eigedomar av historisk verdi. Dei eigedommane som etter eigedomsskattelova § 7 har fått fritak i tidlegare år får fritak for eigedomsskatt i 2022.

e. Ved utskrivning av skatt på bustadeigedommar nyttar kommunen skatteetaten sitt formues grunnlag for dei bustader kor dette er berekna (eigedomsskattelova 8 C-1)

f. Ved taksering av alle eigedommar som ikkje er omfatta av skatteetaten sitt formues grunnlag skal gjeldande takstar frå 2009 kontorjusterast med 40% i 2022, jf.. eigedomsskattelova § 8 A – 4.

g. Ved utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

h. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar.

5. Som kommunedirektøren sitt forslag

6. Som kommunedirektøren sitt forslag

7. Som kommunedirektøren sitt forslag

8. Som kommunedirektøren sitt forslag

9. Som kommunedirektøren sitt forslag